

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
BRULEIETVEGEN 40,
5282 LONEVÅG.**

Tlf. 91182786.

GJESTGJEVARSTADEN PÅ ROSSNESET.

Radøy kommune. Gnr. 17, bnr.1. Hodaland fylke.

Eigar: Gunnvor Soltveit, Bisbengsgaten 3, 5018 Bergen.

På Rossneset, lengst nord på Radøy, låg eit av dei mange handelshusa langs vestlandskysten. Der var handelshus og gjestgjevarstad alt på 1600-talet. Av husa frå den tid er dei fleste vekke, men sjølve gjestgjevarstova, «bondestova», står enno. Der var fleire naust og sjøbuer. Det eine er bygt saman med bondestova, det skal restaurerast no. Sjå vedlegg frå meldingsbladet til Radøy sogelag om husa i Rossneset.

NAUSTET.

Naustet er å finna i branntakstane for Rossneset frå 1836 (g.) – 1846 (7.) – 1856 (F.) – 1867 (6.) og 1881 (E.). Parantesane syner bokstav eller tal dette naustet har i branntakstane.

Beste skildringa finn ein i taksten frå 1867.

Naustet er 21 aln langt, 9 aln breidt og 3,5 aln høgt, «af Standeværk» må vera stavbygt. Det er bygt ut over sjøen, og står på 2 til 2,5 alner høge steinkar. Det er bordkledt og tekt med never og torv.

Naustet har 4 dører og ei tømra saltebu. På sjøsida er det vindehus og vinda. Sidan førre taksering, i 1856, har det « undergaaet en betydelig Reparation med Bordklædning og Tagtækking.» «Det bemærkes at dette nøst staaer i umiddelbar Forbindelse med Bygningen No 3. « Bygning nr 3 er den gamle bondestova som står enno.

Mellom 1867 og 1881 ser det ut som naustet har vore vølt. «1 Nøst af Standerværk, anført ved førre Forretninger under No 6 og taxered for 150 Spd, uforandret i dets helhed med Untagelse af at sammes Længde ved forrige taxt udjorde 21 Alen nu kun udgjør 19 Alen 20» samt at det siden forrige taxt er forsynet med nye Spær og Næver. Taxeredes nu for 600.» Då hadde pengane bytt frå spesidalar til kroner.

Dette vert litt uklårt for meg. I 1867 har naustet fenge ny kledning og nytt tak, i 1881 har det, og, kome nye sperr og ny never på taket. Tvilar på at det er nytt nevertak 2 gonger so tett etter einannan. Naustet er ved dei føregåande takstane oppgjeve å vera 21 aln langt, 13,18 m, i 1881 er same naustet målt til 19 aln og 20», 12,44 m. Same lengda det har no. Det kan sjå ut som naustet har vorte 74 cm cm kortare mellom 1867 og 81.

TAKA.

På bilete teke i 1906 ser naustet ut til å vera i dårleg stand. Kledningen ser sliten ut, og torvtaket er salryggja og skeivt. Det er vindehus på sjøsida.

Ei teikning av Svale Solheim, datert 06.08.39, viser bondestova, naustet og hovudhuset. Alle har torvtak. Truleg har teiknaren teke seg den fridomen å gje husa torvtak. Båe bustadhusa hadde pannetak i branntaksten frå 1881. Ved Sefrak-registreinga i 1986 var det bylgjeblekktak på naustet, det trur eg det var i 1939,og.

MÅLING.

I taksten frå 1846 står det at alle hus er måla med «Tjære og Brunrot med Undtagelse af Hjørne-kjølerne Dixelbordene samt Vinduerne som ere hvidoliemaalede». Turka, oppmalen brunrot var brukt som fargetilsetning i tran. Ved å blanda 3 deler tran med 1 del brunrot fekk ein mørk raud farge (engelskraudt). Veit ikkje om at brunrot vart blanda i tjøra, men det kan vore gjort likevel. Det står ikkje noko om måling etter naustet fekk ny kledning før 1867. Naustet var engelskraudt på siste biletet eg har sett, men tvilar på at fargen var frå brunrot.

RESTAURERINGSPLAN.

Stavbygget datt ned etter bylgjebekkplatene vart fjerna, for nokre år sidan. Steinkara sjøsida av naustet stod på er fint mura, likeeins stabbane til golvet. Naustet har 6 stavapar, takreisinga er den gamle 3/5-dels reisinga (knappt 34 grader). Det var den mest brukte reisinga på hus frå gamalt av. Naustet står inntil det som er att av den gamle bondestova og skal sjå ut slik det var ved Sefrakregistreringa i 1986. Då er vinda vekke, taket bylgjebekk, duble dører i gavlen, ei mot kaien, eit vindauga og tre luker mot sjøen. Vindauga er kring 80 x 80 cm, fast med 4 ruter. Kledningen er breide, ufalsa bord, ståande på sjøsida og liggjande elles. Alle dørene er utslåande labankdører med stabelhengsel. Taket skal vera bylgjebekk, platene må stå umåla eit år, so målast med svart mønjemåling t.d. Arkanol. Klednigen var engelskraud, han kan vera likeeins eller tjørbreidt, tjøra er beste impregneringa. Golvet skal liggja på dei gamle steinstabbane, og laga av lause lemmar som kan lyfta seg ved stor flo.

KOSTNADSOVERSLAG

Materialar		
Trenaterialar med frakt	kr 86000	
Hengsel, lås, skruar, spikar og liknande.	kr 10500	
Bylgjebekklpl. og mønekjølar	kr 20000	
Tretjøra	kr 5000	
Vindauga	kr 4000	kr 125500
Arbeid og reiser	kr 180000	kr 180000
Sum utan moms		kr 305500
+ 25% moms		kr 76375
Totalt		kr 381875

Revheim 09.04.2018.

Rune Revheim.